

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
00/01587 - 28	
DATO 27 APR. 2006	
AN SIL/lye	EKSP.

S|OM

Vår referanse
2006/505

Deres referanse
00/01587-26

Vår saksbehandler
Heidi Quamme Kittilsen

Dato
26.04.2006

REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR ÅRDALSVASSDRAGET – KLAGE PÅ SEIN SAKSHANDSAMING I OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET

Ombudsmannen viser til tidlegare korrespondanse, sist brev 18. april 2006 frå Olje- og energidepartementet.

./ Vedlagt følgjer til orientering gjenpart av svarbrev herifrå i dag til Årdal elveeigarlag. Det er etter dette ikkje grunn til å gå vidare med denne saka no.

For ombudsmannen

Vibeke Woldseth
for Bjørn Dæhlin
kontorsjef

Heidi Q. Kittilsen
Heidi Quamme Kittilsen
fyrstekonsulent

Vedlegg

Årdal elveeigarlag
v/Olaf Vestersjø
4137 ÅRDAL I RYFYLKE

GJENPART

SOM

I år referanse
2006/505

Deres referanse

I år saksbehandler
Heidi Quamme Kittilsen

Dato
26.04.2006

REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR ÅRDALSVASSDRAGET – KLAGE PÅ SEIN SAKSHANDSAMING

Ombudsmannen viser til tidlegare korrespondanse, sist brev 21. mars 2006 herifrå, med vedlagt gjenpart av brev til Olje- og energidepartementet.

./. Vedlagt følger kopi av departementets svarbrev 18. april 2006.

Som det går fram av departementet sitt svarbrev, er revisjonssakene særs kompliserte rettsleg og politisk. Det er derfor tidkrevjande å få ei avgjerd av dei prinsipielle spørsmåla som må løysast før revisjonssakene vert avslutta. Departementet viser til at det har vore ein føresetnad at Årdal-saka skulle slutthandsamast så snart Vinstra-saka er ferdig. Det er venta at departementet eller NVE skal fatte avgjerd i Vinstra-saka i inneverande år. Departementet skriv at Årdal elveeigarlag var orientert om dette på synfaringa i september 2004 og seinare over telefon, og at dette er grunnen til at Årdal elveeigarlag ikkje har fått skriftleg informasjon om sakshandsamingstida.

Sjølv om sakshandsamingstida er særs lang, har ombudsmannen etter den forklaring som departementet har gjeve, ikkje funne grunn til å gå vidare med saka herifrå.

For ombudsmannen

Vibeke Woldseth
for Bjørn Dæhlin
kontorsjef

Heidi Quamme Kittilsen
Heidi Quamme Kittilsen
fyrstekonsulent

Vedlegg
Gjenpart: Olje- og energidepartementet